



KJØLSDALEN
MONTESSORIBARNEHAGE

Årsplankalender for barnehageåret 2025/2026



Barnehagen er eit privat samvirkeføretak som i år har 41 barn.

Vi held til på vestsida i same bygg som Kjølsdalen Montessoriskule. Vi har to avdelingar, *Sør* er for barna 0 – 3 år og *Nord* for barna 3 – 6 år. *Sør* har inngang på vestsida av bygget ned mot fjorden, medan *Nord* har inngang frå grusbana.

Vi har ein romsleg leikeplass med sandkasse, leikeapparat og i skogen har vi eit variert naturområde med skog, berg og steinområde.

I gangavstand finst det fleire gardsbruk med dyr som vi besøker. Det er fine turområde like ved med variert terreng, og mykje å utforske og oppleve for barna.

Samarbeidsutvalget

På foreldremøtet på hausten vert det halde val av leiar for foreldrerådet, som består av alle foreldre og føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådsleiar sit også som foreldra sin representant i Samarbeidsutvalet (SU).

Samarbeidsutvalet består av ein foreldrepræsentant og ein representant frå personalet. Dagleg leiar har møte, tale- og forslagsrett og møter i SU som skrivar. SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. SU skal bidra til god kontakt mellom foreldre og leiinga i barnehagen.

SU har møte, tale- og forslagsrett i styret.

SU skal bli førelagt, og har rett til å uttale seg i saker, som omhandlar barnehagen sitt ideelle grunnlag og/eller saker som er viktige for innhaldet og verksemda til barnehagen og forholdet mellom barnehagen og foreldra.

Slike saker er mellom anna:

1. forslag til budsjett
2. driftsendring
3. årsplan for barnehagen
4. det pedagogiske tilbodet generelt
5. bruk av ute- og inneareal.

SU skal vurdere å be om synet til foreldrerådet i saker som kan sjåast på som særleg viktige for foreldra. i SU.

Berre andelseigarar kan veljast til samarbeidsutvalet. Ein andelseigar som er tilsett i barnehagen, kan ikkje veljast til foreldrepræsentant i samarbeidsutvalet.

I oppstarten av barnehageåret brukar vi god tid på at barn og vaksne blir kjende med kvarandre og rutinane i barnehagen. Sjølv om mange allereie kjerner kvarandre godt, blir det ofte nye grupperingar når nokon barn går ut og andre kjem inn i ei gruppe.

Tilvenning og tilknytning

I tilvenning- og oppstartsperioda legg vi til rette for at vi følger barnet. Vi respekterar at nokon barn treng meir tid enn andre for å bli trygge, og etablere ei sunn tilknytning til vaksne på avdelinga. I denne perioda har vi fokus på at det skal vere ekstra ro på avdelinga så alle blir godt kjende.

Vi ønskjer å bruke lang tid på tilvenninga og anbefaler foreldre å legge til rette for dette. Det er også mogleg å komme på besøk til barnehagen når det måtte passe. I forkant av oppstarten tek pedagogisk leiar kontakt for å avtale tid fyrste dagen.

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og får den hjelpa og støtta dei har behov for.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølv, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna mottakar av omsorg, men òg verdsett omsorgshandlingane til barna (Rp17, kap.3). Dette verdisynet ligg til grunn for alt arbeid i barnehagen. Vi vaksne vil vere omsorgsfulle rollemodellar og hjelpe barna med å vise omsorg og empati overfor kvarandre. Fokuset vårt er å vere tilgjengelege for barna. Vi vil skape eit daglegliv der vaksne lyttar, støttar og gir barn utfordringar i kvardagen.

August 2025

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|--------|---------|--------|--------|--------|
| | | | | 1 | 2 | 3 |
| 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 |
| 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 |
| 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 |
| 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 |

Tema:
I oppstarten av eit barnehageår brukar barna tid på å komme inn i rutinar, og vi arbeidar mykje med praktivsk liv aktivitetar i barnehagen.
På turar ser vi på korleis naturen endrar seg om hausten.

Frukt og frø:
Hausting, korleis kan vi bruke det vi finn i naturen?

Vi plukkar inn frø som vi skal så til våren.

Matlaging med det som veks i kjøkkenhagen.

Brannvern:
Nasjonal brannvernveke i v.38.



Barnehagen sitt arbeid med trafikktryggleik

I rammeplanen for barnehagen står det at vi skal bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i nærmiljøet. Å gjøre barn i stand til å forstå trafikkbildet og deira rolle i det, handlar like mykje om å skape gode haldningar og vanar. På den måten kan vi investere i framtida og førebygge ulykker i eit lengre perspektiv.

Barnehagen har saman med skulen ein eigen plan for trafikktryggleik, den tar for seg trafikkforhold rundt bygget, nærmiljøet og korleis vi arbeidar med å gjøre barna bevisste på trafikktryggleik.

I arbeidet med barna fokusere vi på å skape gode haldningar til trafikktryggleik, spesielt på turar er dette eit viktig tema. På tur brukar alle refleksvestar, vi er alltid bevisst på å sjå og høyre etter bilar før vi kryssar vegar, vi er bevisst på å gå på riktig side av vegen. I barnehagen sitt nærområde er det eit variert trafikkbilete da vi på turar også må ta omsyn til traktorar, maskiner gjennom gardstun o.l. Det er viktig å gjøre barna bevisst på korleis dei skal ferdast i nærområdet, men å ta turar i anna trafikkbilete er også ein del av det vi har fokus på i barnehagen. Ved turar med buss til Eid er det mykje læring for barna, da har vi fokus på både sikring i kjøretøy, gå inn og ut av buss og kva ein må tenke på i det trafikkbilete som møter oss der.

Iløpet av hausten har vi fokus på refleks og korleis ein refleks fungerer, og kvifor det er viktig å bruke refleks for at bilistar skal sjå oss i trafikken. Vi har også eigne sykkeldagar i barnehagen, der vi lagar sykkelbane og trafikkskilt for å gjøre barna bevisste på at det er reglar i trafikken.

Tema barnas verneombod:

1. Barnekropper
- 1a. Leike doktor
- 1b. Barn i leik, gutt og jente.
- 1c. Barn som dyster/erter/skremmer

September 2025

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|---------------------|---------|--------|---------|--------|--------|--------|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 15 Brannvernveke | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 |
| 29 | 30 | | | | | |

Tema:

Naturen om hausten.

Hav og land, arbeid med globus, kart, flagg og ulike land.



Vi arbeider med Forut-prosjektet og arrangerer forutbasar.

Aktivitet i hagen:

- Sanke løv og lage kompost.
- Sette løk, kvitløk og løkblomster.

Foreldresamtaler

I oktober startar vi opp med foreldresamtaler for hausten. Sei gjerne ifrå om det er noko spesielt dokke vil vi skal observere i forkant.

**BTI- betre tverrfagleg innsats**

Til ei kvar tid er det barn og unge i Stad kommune som har behov for eit samansett tenestetilbod med oppfølging som involverer fleire aktørar i velferdstenestene. Nokre vil ha slike behov allereie frå fødselen av, og andre vil få behov for slike tenester undervegs og i periodar i livet.

Gjennom tidleg tverrfagleg innsats og god samhandling med føresette, hindrar vi at barn og unge veks seg inn i større vanskar. I Stad kommune skal det vere låg terskel for involvering, og gjennom samordna og koordinerte hjelpe tiltak frå dei ulike tenestene sikrar vi at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Som ei hjelp i dette arbeidet, jobbar Stad kommune etter BTI-modellen. BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats, utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad. Samarbeid og samhandling med føresette og barnet/ungdomen er ein grunnmur i BTI, og føresette er i utgangspunktet alltid ein del av løysinga.

Som privat barnehage i kommunen sammarbeidar vi med kommunale instansar og nyttar BTI-modellen i dette arbeidet.

Tema barnas verneombod:

1. Barnekropper
- 1a. Leike doktor
- 1b. Barn i leik, gutt og jente.
- 1c. Barn som dyster/erter/skremmer

Oktober 2025

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|--------|---------|-----------------------|--------|-----------------------|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 20 | 21 | 22 | 23 | 24 Forutcafè 15.30 | 25 | 26 Sommertid slutt |
| 27 | 29 | 29 | 30 | 31 | | |

Tema:

Naturen frå haust til vinter.
Kva gjer fugler, insekter og plantar for å førebu seg på vinteren?

Vi fortsett arbeidet med ulike land og kulturar.

Framover har vi ekstra fokus på sjangeren eventyr, og vel ut eventyr vi fokuserer ekstra på.

Aktivitet i hagen:

- Dekke til jorda
- Rydde inn det som ikkje skal står ute om vinteren.
- Vaske og vedlikehalde redskap.

Leik er læring

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og saman med andre (Rammeplan for barnehagen 2017, kap 3). Det inneber at vi i barnehagen skal vere til stades for barna, og gje dei eit leikemiljø som inspirerer til ulike typar leik. Leiken er viktig for barna og derfor må vi vaksne vere engasjerte for å kunne gjøre den verdifull på barna sine premissar. Dette er basert på observasjonar og interessene til barna. Vi har ansvar for at barna opplever glede i leik, der alle barna blir sett, inkludert og rettleia ved behov.

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre. I montessoripedagogikken er førebuing av miljøet viktig, og vi arbeider kontinuerlig med å legge til rette for aktivitetar som støttar den utviklinga barnet er i. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigkeit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra til eiga og andre si læring (Rp17, kap 3).

Dei tilsette skal utvide barna sine erfaringar ved å gi dei ulike opplevelingar og skape meistringskjensle. Personalgruppa skal syte for progresjon og utvikling, både for barnet og innhaldet i barnehagen.

Tema barnas verneombod:

1. Barnekropper
- 1a. Leike doktor
- 1b. Barn i leik, gutt og jente.
- 1c. Barn som dytter/erter/skremmer

November 2025

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|--------|---------|--------|--------|-----------------------|
| | | | | | 1 | 2 |
| 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 Farsdag |
| 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
| 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 |
| 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 1. søndag i advent |

Tema:

Vi fortsett med temaet naturen om vinteren.

Vi arbeidar med tradisjonar ein har i desember.

13. desember kl. 15.30 inviterar vi foreldra på lussekattar i barnehagen. Vi har lucialys i barnehagen, men husk kvite kle til denne dagen.

**Barnas verneombud (BVO)**

Barnas verneombud er eit nasjonalt tverrfagleg kunnskapsløft i barnehagane. Ei satsing som skal heve kompetansen til landets barnehageansatte for å kunne forebygge, varsle og bidra til å hjelpe dei minste og mest sårbare i samfunnet innenfor følgende tre områder:

- Vold, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot barn
- Barnehagemiljø, mobbing og krenkelsar
- Barn med behov for spesiell tilrettelegging.

Samtale med barn om kropp styrker utsatte barn si moglegheit til å sei ifrå til ein trygg vaksen. For å klare å sei ifrå er det er avgjørande at barn lærer kva vold og overgrep er. Barn skal tidleg vite kva som er lov og ikkje lov å gjere med kroppen.

Med samtalekorta ønsker vi å senke terskelen for å snakke med barn om kropp og grenser. Korta er lette å bruke og går inn på naturlege tema om kroppen på ein enkel måte. Vi har tilsette som har kurs i å nytte samtalekorta, samt ein tilsett som er valgt som BVO på starten av barnehagåret for å halde fokuset på arbeidet. Vi har satt opp eit tema for kvar månad.

Tema barnas verneombod:

2. Toalettbesøk
- 2a. Besøk til lege
- 2b. Besøk til tannlege

Desember 2025

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|--------------|--------------------|------------------|-----------------------|--------|--------|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | 11 | 12 Luciakafè 15.30 | 13 | 14 |
| 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22 | 23 | 24 Julaften | 25 1. Juledag | 26 2. Juledag | 27 | 28 |
| 29 | 30 Stengt | 31 Nyttårsaften | | | | |

Tema:

Naturen om vinteren, korleis ulike dyr lev om vinteren.

Sola kjem tilbake, vi arbeidat med sola si betydning for livet på jorda.
Solsystemet og planetane.

Om det er snø kan gjerne barna ha med ski i barnehagen, la stavane stå igjen heime.



Tema barnas verneombod:

2. Toalettbesøk
- 2a. Besøk til lege
- 2b. Besøk til tannlege

Danning

Danning skal sette barna i stand til å tenke sjølv, søke kunnskap, reflektere over og vurdere vedtekne sanningar, stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne. Noko av det viktigaste i dannelsesprosessen er å gje barna god sjølvkjensle, og at dei gjennom denne sjølvkjensla kan forstå både seg sjølv og andre. Vi skal vere til stades og observere barna for å kunne anerkjenne og følgje opp deira perspektiv og handlingar. I dialog med barna skal vi blant anna utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar. For å utvikle god sjølvkjensle må dei bli kjent med seg sjølv. Dette gjer vi ved å bekrefte tankane og følelsane til barna.

Ved at vi tar barna på alvor, får dei bekrefta at dei er viktige. For eksempel skal vi i barnehagen vise respekt for barna sitt arbeid. Dette gjer vi til dømes ved å gje dei tid til å bli ferdige med det dei held på med og god nok tid til for å kle på seg ytterkle.

Ved å gje barna tillit får dei bekrefta at dei er gode menneske. Vi har tillit til at dei klarar. Vi lar dei få lov å prøve, og legg til rette for at dei skal få mulighet til å gjøre mest mogleg. For eksempel dekker dei bordet sjølv, det dei treng står tilgjengeleg i ei høgd tilpassa barna. Ved pådekking opplever dei også at dei er viktige for fellesskapet, noko som er viktig i utviklinga av god sjølvkjensle. Ved å legge til rette for oppgåver dei meistrar opplever barna at dei er kompetente.

Januar 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|--------|-----------------|--------------|--------|--------|
| | | | 1 Nyttårsdag | 2 Plandag | 3 | 4 |
| 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | |

Tema:

Naturen om vinteren, ulike fuglar. Lage fugleimat og henge ut.

Aktivitet i hagen:

- Vi sår inne, og ser på kva planter treng for å vekse.
- Renser frø vi samla i haust for å gjere klar til såing.

Urbefolkninga i Norge. 6. februar markerar vi samefolkets dag.
Vi har ekstra fokus på *rim og regler*

I februar er det også karneval, kva tema vi skal ha for dette kjem det ut eige skriv om. Vi lagar kostymer/masker i barnehagen.



Montessoripedagogikken er ein altomfattande pedagogikk som arbeider for å berike barna sin naturlege, fysiske og intellektuelle utvikling. Barnehagen er pålagt å bruke den nasjonale Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver som eit overordna planverk. Vi føl i tillegg den pedagogiske fagplanen for Montessoribarnehagen.

Følg Barnet! Pedagogisk fagplan for montessoribarnehagen

Den pedagogiske fagplanen er utvikla som eit støttedokument for det norske montessorimiljøet, og da spesielt retta mot montessoribarnehagar.

Rammeplan for barnehagen

Rammeplanen gir styrar, pedagogiske leierar og det øvrige personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sin verksemeld. Rammeplanen gjev også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmyndighet.

Rammeplan for barnehagen finn dokke her;

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagennynorsk2017.pdf>

Rammeplanen gir retningslinjer for innhald og oppgåver i barnehagen, og for det verdisynet ein legg til grunnlag for alt arbeid:

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rp2017 Kap 1.).

Februar 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|--------|---------|--------|--------|-----------------|
| | | | | | | 1 |
| 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 Morsdag |
| 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 Fastelavn |
| 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | |

Tema:

Naturen om våren.

Kva trenger eit frø for å spire, og ei plante for å vokse?

Aktvitet i hagen:

- Forkultivere purre, paprika, sommerblomster og andre vekster.
- Dyrke mikrogønt og erteskudd.
- Gjere kjøkkenhagen klar for planting.

Materiell om ulike dyr/innsekt sine livssyklusar.

I mars markerer vi barnehagedagen, vi viser fram noko av det vi gjer i barnehagen etter årets tema for denne dagen.

Tema barnas verneombod:

3. Voksen utøver vold mot barn
- 3a. Barnet ligger i senga og er redd.
- 3b. Vold i hjemmet der barnet er tilstede.
- 3c. Stoppekort

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Den daglege kontakta ved bringing og henting er viktig for at både barnehage og foreldre skal få utveksle informasjon om dagane til barnet, for å kunne til rettelegge for barnet.

Kvar haust og vår har pedagogane på avdelingane individuelle samtaler med dei føresette. Det er også to foreldremøte i året. Samarbeidsutvalet er eit bindeledd mellom foreldre og barnehagen, der det er moglegheit til å ta opp saker og medverke til utvikling.

Sjumilssteget

Sjumilssteget er ei nasjonal satsing som skal ivareta barn sine rettar etter Barnekonvensjonen.

Ein kan lese meir om sjumilssteget på heimesida til Stad kommune <https://stad.kommune.no/> eller på www.sjumilssteget.no

barnehagen blir det blant anna satt av tid til dialog mellom foreldra på foreldremøta. Dialogen skal ta opp tema som er aktuelle for barnet i den alderen det er i. Vi vil på foreldremøta dele opp i grupper etter barnets alder. Sjumilssteget har gitte dialogark ein brukar i denne dialogen. desse skal vere delt ut i forkant av inndelinga i dialoggrupper.

På foreldremøtet på våren vil ein legge til rette for dialoggruppe for 1åringsforeldra, det vil seie dei som har ettåringar i barnehagen kommande barnehageår, der ein tar opp tilevenning.

På hausten deler ein inn i dialoggruppe foreldra til 2åringane, 3åringane og 5åringane. På dialoggruppa til 3- og 4åringane vil barnevernet vere med annankvart år, og på dialoggruppa til femåringane vil rektor eller førsteklasselærar på Barneskulen i krinsen vere med.

Tema for barnehagedagen er fellesskap og inkludering med mottoet «Rom for alle».

Mars 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|----------------------|--------|---------|--------|--------|-----------------------------------|
| | | | | | | 1 |
| 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| 9 | 10 Barnehagedagen | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 23/30 | 24/31 | 25 | 26 | 27 | 29 | 29 Palmesøndag Sommertid start |

Tema:

Naturen om våren
I april har vi ekstra fokus ringleikar og barnekultur
Påsketradisjonar

Aktivitet i hagen:

- Legge poteter til groing
- Vende kompost
- Så inne
- Så sukkereter, gulrot og reddik ute

Foreldresamtale:

Det er snart tid for foreldresamtaler. Gje beskjed til pedagogisk leiar på avdelinga til barnet ditt om det er noko spesielt de vil vi at vi skal observere i forkant.

Ferie:

Før 15. april må vi få beskjed om kor tid barna skal ha ferie i sommar. J.fr. vedtekene skal barna ha tre veker samanhengande ferie i tidsrommet 1.juni-14.august. Førskulebarn har plass i barnehagen tom 14. august.

Årsmøte:

Årsmøte innan utgangen av april.

Tema barnas verneombod:

3. Voksen utøver vold mot barn
- 3a. Barnet ligger i senga og er redd.
- 3b. Vold i hjemmet der barnet er tilstede.
- 3c. Stoppekort

Styret i barnehagen:

Før utgangen av april er det årsmøte og val av representantar til styret til barnehagen.

Styret i 2025 består av:**Leiar:**

Magnhild Gillesdal

Styremedlemmar:

Johnny Myklebust

Stine Lise Sundal

1. **vara:**

Marte
Starheimsæter

2. **vara:**

Inge Hvitås

Sekretær: Styrar, Oline Furnes

Barnehagen sine vedtekter ligg på heimesida til barnehagen.



April 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|------------------|---------|--------------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------|
| | | 1 Stengt | 2 Skjærtorsdag | 3 Langfredag | 4 Påskeaften | 5 1. påskedag |
| 6 2. påskedag | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 27 | 28 | 29 | 30 | | | |

Tema:

Naturen om våren

Nasjonaldagen

Legge til rette for overgangar for dei som skal over frå Sør til Nord, og dei som skal over til skulen til hausten.

Aktvitet i hagen:

- Plante ut småplanetar av kål, purre, sommerblomster osv.
- Sette løk og poteter
- Så varmekrevende planter inne td. agurk, squash.
- Vatne
- Sette opp skilt

I forkant av 17. mai vert det foreldreledning for å gjere uteområdet fint.

**Overgang barnehage – skule**

Barnehagen og Kjølsdalen Montessoriskule er i same bygg. Barnehagen og skulen driv etter same pedagogiske prinsipp. Dette er med på å lette overgangen frå barnehage til skule.

Barnehagebarna leikar stundom saman med skulebarna, noko som trygger overgangen.

Nokre aktivitetar på tvers av barnehage og skule er fastlagde:

- Deltaking på ulike kulturelle innslag på skulen
- Sanitetslunsj på skulen sitt område på hausten
- Juleavslutning i kyrkja saman med skulebarna (gjeld dei eldste barna i barnehagen)
- Dei eldste barnehagebarna er med skulebarna i svømmehallen på Nordfjordeid
- På vårparten er førskulebarna på besøk enkelte dagar i småskulen
- Førskuledag på våren for alle som skal starte i 1. klasse

Tema barnas verneombod:

3. Voksen utøver vold mot barn
- 3a. Barnet ligger i senga og er redd.
- 3b. Vold i hjemmet der barnet er tilstede.
- 3c. Stoppekort

Mai 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|-------------------|---------|--------|--------------------------|------------------------|--------|-------------------|
| | | | | 1 Offentlig høytidsdag | 2 | 3 |
| 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 |
| 11 | 12 | 13 | 14 Kristi himmelfartsdag | 15 Planleggingsdag | 16 | 17 Grunnlovsdag |
| 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 1. pinsedag |
| 25 2. pinsedag | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 |

Tema:

Naturen om sommaren, vi ser på korleis innsekt lever.

Blomster i naturen.

Følge med på korleis kjøkkenhagen veks og gror.

Aktivitet i hagen:

- Luke
- Hyppe poteter
- Vanning

**Dokumentasjon og vurdering**

Det vert notert kva barnet har blitt vist av materiell, og kva barnet har valt å arbeide vidare med. Dette vert gjort på grunn av vidare planlegging for barnet. Det vil da bli lettare å kunne vise barnet materiell og aktivitetar som det vil ha interesse av, og som vil kunne inspirere til vidare læring og utvikling av interesser, barnehagen brukar programmet Flex i dette arbeidet.

I nokre tilfelle vil vi også bruke kartleggingsverktøy som *TRAS* og «*Alle med*», dette vil bli gjort i samråd med barnet sine føresette.

Referat frå foreldresamtaler bli lagret i barna sine mapper.

Barnehagen har tverrfagleg samarbeid med pedagogisk psykisk teneste (PPT), barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), barnevern og helsestasjon.

Barnehagen brukar appen **Kidplan** til foreldreinformasjon som er knytt opp mot heimesida til barnehagen. Det vil bli lagt ut beskjedar, informasjon og biletar frå barnehagekvarden på denne sida/appen. Alle må bruke dette for å orientere seg om kva som skjer i barnehagen.

Foreldra får ved oppstart tilsendt ein link på e-post der dei kan opprette seg brukarnamn og passord. Treng ein hjelp til dette er det bare å kontakte barnehagen. Vi ber om at alle lastar ned **Kidplan** og er pålogga på denne appen.

Nettsida til barnehagen: kjolsdalen.barnehage.no

Juni 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|------------------|---------|--------|--------|---------------------|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 Sommersolverv |
| 22 | 23 | 24 Midtsommer | 25 | 26 | 27 | 28 |
| 29 | 30 | | | | | |

Tema:

Vi ser på blomster og insekt vi finn i naturen.

Ved ferieavvikling om sommaren blir gjerne avdelingar slått saman, dette blir det informert om når ein har kartlagt ferien til barn og tilsette.



Er du interessert i å lese meir om montessoripedagogikken kan barnehagen anbefale desse bøkene:

- *Montessorimadness – En fars begrunnelse for å velge montessoripedagogikk* – Trevor Eissler
- *Gi barnet ditt en harmonisk start* - Tim Sedin
- *Montessori i et nøtteskall* – Clare Healy Walls
- *Smårollingen* – Simone Davies



Bøkene er å finne i barnehagen si utlånshylle til foreldra.

Juli 2026

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|--------|---------|------------------|---------|--------|--------|--------|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 27 | 28 | 29 Olsokdagen | 30 | 31 | | |

Fagområda

Vi legg opp til at progresjonen til barna skal følgje utviklingstrinna i montessoripedagogikken. I småbarnsfasen er det ein markant forskjell mellom barn frå 0 – 3 år og 3 – 6 år. Desse er dermed delt inn i to avdelingar i barnehagen. På kvar avdeling vil dei finne omgjevnader og aktivitetar tilpassa deira behov. I ein montessoribarnehage er det førebuide miljøet viktig. I det førebuide miljøet har ein blant anna eigne montessoriaktivitetar og –materiell. Montessoriaktivitetane og materiellet er delt inn i fleire fagområder. Fagområda i Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver (Rp17) og fagområda innanfor montessoripedagogikken dekker kvarandre.

I montessoripedagogikken finst det eige materiell og aktivitetar som støttar opp om alle sider av utviklinga til barna. Barna skal få velje å jobbe med det dei har interesse for, og den vaksne viser nytt materiell som kan gje dei lyst til å lære meir. I alt materiell vil barna i tillegg til å øve inn spesifikke ferdigheiter og kunnskap, og få øvd opp bruk av hendene og sansane sine. Montessoripedagogikken seier at hendene er hjerna sitt reiskap til kunnskap.

Ein presentasjon er når den vaksne viser eit materiell eller ein aktivitet, enten for enkeltbarn eller for grupper. Desse blir gjort på bakgrunn av observasjon. Hovedhensikta med montessoripresentasjoner er å gjere barna sjølvstendige i læringa si. Det er ikkje den vaksne som lærer vekk til barnet, men viser barnet korleis det sjølv kan lære seg ferdigheiter. Det er barnet og materiellet som er i fokus, ikkje den vaksne.

Fagområda i rammeplanen vil bli dekt av aktivitetar og tema-arbeid innanfor montessoripedagogikken. Det blir lagt opp til at barna skal få utfordringar og utviklingsmuligheter på alle plan, både intellektuelt, motorisk og innan praktisk arbeid. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Maria Montessori var oppteken av at barna skulle få nærliek til natur og få stimulert sansane sine gjennom nærekontakt med naturen. Små barn skal få bevege seg fritt og utvikle motorikk, muskelstyrke og kontroll over rørslene sine. Barnehagen har eit variert uteområde med utfordringar for både dei yngste og dei eldste barna, og vi har gode moglegheiter for turar i nærområdet.

Barnehagen tilbyr også, i samarbeid med Kjølsdalen Montessoriskule, vasstilvenning/symjeundervisning i svømmehallen på Nordfjordeid. Og vi får disponere gymsalen til Kjølsdalen Montessoriskule.

Montessoripedagogikken

Barnehagen har valt å jobbe etter prinsippa innan montessoripedagogikken. Denne pedagogiske retninga er grunnlagt av den italienske legen og pedagogen Maria Montessori (1870-1952). Ho meinte at barndommen er noko stort i seg sjølv – ikkje berre ei førebuing til vaksenlivet.

Ho meinte at alle barn har nokre felles eigenskapar, at dei har eit absorberande sinn, gjennomgår sensitive periodar, søkjer sjølvstendigkeit, vil lære og at alle barn lærer gjennom leik.

Med eit “absorberende sinn” meinte M. Montessori “et sinn som er i stand til å absorbere kunnskap, raskt og uanstrengt som en svamp”. Særleg i førskulealderen er dette svært tydeleg. Berre tenk på kor enkelt barna lærer seg nye ferdigheiter som å gå, springe, snakke osv.

Barna har særlege periodar i utviklinga si der dei har fokus på visse ting som dei lærer med lettheit. Desse periodane blir innan montessoripedagogikken kalla for sensitive periodar. Dei yngste barna er til dømes i periodar særleg opptekne av orden, språk, lære seg å gå, detaljar eller det å lære med alle sansane sine. Alle barn søkjer sjølvstendigkeit. Dei vaksne må leggje til rette for at barna skal klare sjølv, utifra interesse og utvikling.

Alle barn vil lære, og alle barn lærer gjennom leik. Dei vaksne skal tilrettelegge for at barna får oppleve mestring og glede over det dei gjer. Barna skal tilegne seg fleire ferdigheiter og få meir kunnskap. Barna opplever seg sjølv som ein som meistrar og bygger slik god sjølvkjensle.

Barnehagen legg til rette for aktivitetar innandørs og utandørs. Vi jobbar etter prinsippa om at barnet / barna skal få lov til å halde på med ein aktivitet over tid, og ikkje bli unødig avbroten eller forstyrra. Slik blir det lettare for barna å opparbeide konsentrasjon.

Montessoripedagogikken er ei kosmisk utdanning som viser korleis alt heng saman. Den lar barna utvikle ei kjensle av tilhørsle i universet og takksemd for sin eigen rolle i det store biletene. Kvar av oss har eit ansvar for å bevare jorda for dei neste generasjonane. I Kjølsdalen Montessoribarnehage ynskjer vi å ha eit auka fokus på naturen og miljøet. Vi vil gjennom året følgje naturen gjennom årstidene, og vise barna moglegheitene som dei gir oss. Vi vil bruke ressursane i naturen på ein bærekraftig måte gjennom til dømes arbeid i kjøkkenhagen vår og anna hausting i naturen. Tema for kvar månad vil gjennspegle dette, og gå som ein raud tråd gjennom året. Å ta vare på naturen er også ein del av dette arbeidet.

Vi tek godt vare på utsyr og materiell ved at vi brukar det på ein respektfull måte. Vi plukker søppel i når vi går på tur, og barna deltek i resirkulering av avfall. Vår rolle i universet handlar også om korleis vi er mot andre. Vi ynskjer å formidle aksept for ulikskap, og har fokus på korleis vi skal vere mot kvarandre.

<https://montessori2030.org/>

| | 0 -3 år | 3 – 6 år | Tips til heimen |
|-------------------------------|--|---|---|
| Kommunikasjon, språk og tekst | <ul style="list-style-type: none"> Personalet brukar eit presist og rikt språk, ein sett ord på det vi opplev og ser. Vi brukar kvardagssituasjonar som språkarena. Vi skal vere på høgde med barna og lytte til deira uttrykk, før ein sett ord på ting for dei. Vi prøver å lese barna sitt kroppsspråk og hjelpe barnet med å finne ord. Vi har bøker tilgjengeleg for barna, og les for dei. Vi brukar sang, rim og rytme i kvardagen saman med barna. | <ul style="list-style-type: none"> Vi brukar 3-stegsleksjonar for innlæring av nye begrep. For å førebu barna til skriving jobbar vi blant anna med: Språkleikar for å gjere barna bevisste på lydar, Sandpapirbokstavane, det beveglike alfabetet, metallinsatsane er viktig for blyantgrepet. Vi tilbyr ulike aktivitetar som stimulerer til pinsettgrepet. Vi jobbar med å bruke eit rikt og presist språk, og benevner det vi opplever og ser. Vi har eigen lesekrok med varierte bøker vi byttar ut. Vi les for barna. Vi brukar sang, rim og rytme saman med barna. For barna som byrjar å lese har vi materiell som hjelpt dei å knekke lesekoden, og vidare materiell med alt frå fonetiske ord til lengre bøker. | <ul style="list-style-type: none"> Sett ord på det ein ser og gjer, bruk ekte ord. Døme: sei ku, ikkje møen. Ikkje aua, men vondt. Gje barnet konkrete tilbakemeldingar unngå ros/tomme ord. Les for barnet, ha bøker tilgjengeleg. Bruk sang og musikk saman med barnet. For å styrke finmotorikk/blyantgrep, la barnet f.eks. bruke puslespel o.l. framfor bruk av dette på nettbrett. |
| Etikk, religion og filosofi | <ul style="list-style-type: none"> Vi snakkar høfleg og fint til kvarandre. Vi viser kvarandre omsorg. Det er viktig at dei vaksne er gode rollemodellar. Vi undrar oss over det vi ser og opplever saman med barna. Dei vaksne hjelpt barna å sette ord på kjenslene sine. | <ul style="list-style-type: none"> Harmoni og høglighet er viktig i montessoripedagogikken, vi skal vere gode rollemodellar for barna, bruke høflege gester, vente på tur og vise omsyn til andre. Det er viktig å helse på kvarandre, øve på turtaking gjennom å f.eks. vente på materiell skal bli ledig, rydde opp etter seg og gjere det klart til at nestemann kan bruke det. Det er eit av kvart materiell blant anna for å øve på turtaking, lære seg å ta andre valg om noko er opptatt. Vi har ordensbarn som blant anna er med å dekke på bordet, gjere det hyggelig for andre. Dei vaksne hjelpt barna å sette ord på kjenslene sine. Vi legg til rette for at barna skal få øve seg på sams spel med kvarandre, og støtter dei ved behov. Vi hjelpt barna å bruke ord og uttrykk for å snakke om kjenslene sine og for | <ul style="list-style-type: none"> Det er viktig å vere gode rollemodellar for barna, vere hyggelig og høflig mot andre. La barnet øve seg på å vente, ein treng ikkje alltid vere «fyrst og best». |

| | | | |
|-----------------------------|---|---|---|
| | | å løyse opp i konflikter. | |
| | 0 -3 år | 3 – 6 år | Tips til heimen |
| Natur, miljø og teknologi | <ul style="list-style-type: none"> Vi sår og planter saman med barna, barna får erfaring med kva planter treng. Barna får erfaring med ulikt ver utandørs. Barna deltek i mange praktisk liv øvingar, og får vere med på å ta vare på omgjevnadane sine, f.eks. koste, tørke støv, stelle akvariefisk, vatne blomster. | <ul style="list-style-type: none"> Arbeid med kjøkkenhagen er ein viktig del av arbeidet med dette fagområdet, og vi har planter inne som barna steller heile året. Gjennom tur og uteliv får barna erfaring med ulike typar veir og korleis naturen endrar seg gjennom året. Vi har ulike eksperiment, aktivitetar og materiell innanfor dette fagområdet barna arbeider med som t.d kva som synk/flyt, kva er magnetisk, ulike dyr sine livssyklusar. Vi kjeldesorterer og har med barna på denne prosessen. | <ul style="list-style-type: none"> La barna vere ute, gje dei erfaringar med naturen. Ta med barna på praktiske gjeremål inne og ute. |
| Kropp, rørsle, mat og helse | <ul style="list-style-type: none"> Vi tilbyr aktivitetar inne og ute som gjev ulike motoriske utfordringar, t.d. ulendt terreng, trapp/ klatrestativ, turer. Vi tilbyr barna materiell som fremmer auge-hand koordinasjon og finmotoriske rørsler. Vi tilrettelegger miljøet for at barna skal ha frie og varierte bevegelsar. At alt i størst mulig grad er tilrettelagt aukar barna si sjølvstende og bevegelsesfrihet. Slik tilrettelegging gjer vi med å ha utstyr som er tilpassa barna, for eksempel ved måltidsituasjonen. Vi tilrettelegger for at barna skal vere sjølvstendige i garderobesituasjonen med å gje dei tid og ha det dei treng tilgjengeleg, f. eks. hyller i barnehøgd. Å ta vare på seg sjølv er viktig for barna si sjølvkjensle, vi tilrettelegg for at barna får rydde opp etter seg sjølv , | <ul style="list-style-type: none"> Vi jobbar med å gjere barna sjølvstendige i alle kvardagssituasjonar som blant anna matlagning, måltid og påkledning, ta eigne val for seg sjølv. Å gå på tur er ein viktig del av barnehagekvardagen, der vi har rik tilgang på variasjon. Vi brukar også gymsalen til skulen. Barna er ute kvar dag og leikar i variert terren. Materiellet vi har tilgjengeleg på avdeling fremmer finmotorikken. Vi brukar aktivitetar og materiell som oppmodar barna til å bli bevisst på sansane sine, for eksempel. Lytteboksar, fargebrikkene o.l. | <ul style="list-style-type: none"> Ta med barna ut i variert terren. La barna utfordre utholdenheita si, springe, sykle, gå på ski, ake, herje, hoppe på trampoline. Gje barnet tilgang på aktivitetar som fremmer finmotorikk som perling, tegning, lego, puslespel o.l. La barna bruke henda, trenere opp styrken i henda f.eks. leike med leire, trykke legoklossen på plass, spikke med kniv. |

| | | | |
|----------------------------------|--|---|---|
| | vaske hender og ansikt sjølv, pusse nasa osv. ved å vise dei korleis og gje dei tilgang på klutar, vask og speil i riktig høgde. | | |
| | 0 -3 år | 3 – 6 år | Tips til heimen |
| Kunst, kultur og kreativitet | <ul style="list-style-type: none"> Vi legger tilrette for ulike formingsaktivitetar. Vi markerer høgtider som er aktuell for barnegruppa. Vi legg opp til at barna skal få esteiske opplevingar, f.eks. bordpynt, kunstuttrykk. Barn i denne alderen er facinert av små detaljar som vaksne kanskje ikkje legg merke til, barnet absorberer miljøet, derfor er orden viktig. Vi legg tilrette for at barna skal bli kjent med ulike kulturar, både kulturar som er representert i barnegruppa, men også gjennom arbeid med ulike land ved prosjektarbeid som Forut. | <ul style="list-style-type: none"> Vi har formingskrok der barna har tilgang på ulike aktivitetar som maling, leire, perler, klipp, lim o.l. denne varierer vi gjennom året. Vi legg til rette for at barna skal lære om ulike land og kulturar. Vi har som tradisjon å arbeide med prosjekt gjennom Forut kvar haust. Vi markerer høgtider som er aktuelle for barnegruppa. Vi formidlar kultur gjennom samtaler, materiell og bøker. | <ul style="list-style-type: none"> Ha teiknesaker, maling, perler og liknande kreative aktivitetar tilgjengeleg for barnet. Snakk med barnet om ulike kulturar. Gje barnet varierte opplevingar. |
| form Mengd, rom og samfunn | <ul style="list-style-type: none"> Barna har tilgang på materiell som legg til rette for å utforske ulike storleikar, tyngd, lengd og volum. | <ul style="list-style-type: none"> Barna har rik tilgang på ulikt materiell der dei får utforske mengder, storleikar, talforståing og ulike former. Materiellet vi har på avdeling gjev barna sensoriske erfaringar med matematikk. Vi brukar kvardagssituasjonane til logisk tenking og matematikk, som til dømes pådekking av bord eller ved garderobesituasjonen. | <ul style="list-style-type: none"> Bruk presise matematiske begrep i samtaler. Leik med tall Tell saman med barnet. La barnet få øve seg i logisk tenking. |
| Nærmiljø og samfunn | <ul style="list-style-type: none"> Turer i nærmiljøet Vi fokuserer på at barna skal vere aktive deltagere i eige liv, og legg til rette for at barna skal vere mest mulig sjølvstendige. | <ul style="list-style-type: none"> Vi går på turer i nærmiljøet. Vi presenterer barna for ulike kulturar, yrker og familieformer. Vi bruker materiell som presenterer geografi og kultur. Vi fokuserer på at barna skal vere aktive deltagere i eige liv, og legg til rette for at barna skal vere mest mulig sjølvstendige. | <ul style="list-style-type: none"> La barnet bli kjent med nærområdet sitt. Vis barnet openheit for ulike samfunn og måtar å leve på. |

